



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV



Meistringsgleda

Seks år og full av pågangsmot. Kva er det som driv han? Foto: Harald Dag Jølle

TUREN

Eg ligg nedst i ein bakke. Eg har slått meg, men vil ikkje vedgå det. Eg må prøve att. Eg kan jo ikkje vere dårlegare enn dei to sønene mine. Og det er mogleg, eg kjenner det. Eg skal og vil klare heile bakken.

Eg må nesten forklare leiken me held på med: Noko tilfeldig fekk eg ein einhjulssykkel i vår. Vaklande som Bambi freista eg å halde meg oppe, medan eg stødde meg til skistavar. Timane og dagane gjekk. Etter eit utal tipsvideoar på YouTube, og tre veker med knall og fall, greidde eg stolt å sykle over heile gardsplassen. Trettenåringen såg med interesse på dei nye leiketøya til faren, plukka opp sykkelen og

meistra han etter tre dagar. Seks-åringen var ikkje mindre ivrig, og i den motoriske gullalderen fór han bortetter vegen nokre timar seinare.

Fem månader og ein sumar har gått, og einhjulssykling er vorten den store lidenskapen for gutane i familien. Eg har brukt ufatteleg med timar på å meistre dette uvanleg nyttelause framkomstmidlet. Borna og eg har nytta fritida vår på parkeringsplassar og fortau i staden for skog og fjell. Me slår oss ikkje til ro med at me no faktisk kan sykle frå A til B, men utfordrar kvarandre til å lære nye triks eller sykle brattare bakkar.

Her om dagen tok me einhjulingane ut i skogen, for å prøve oss på nokre av dei sti-

gane offroadsyklistane leikar seg på. Og her ligg eg, altså, forslått og ser med undring på pågangsmotet til dei andre. Kva er det som driv dei? Konkurransen brør i mellom? Ynsket om eit kult videoklipp? Å imponere far sin? Eller er dei berre så nøgde med å vere ute, er det rett og slett naturopplevinga?

Eg kjem til å tenkje på eit intervju eg nettopp las med ein basehopper. «Naturopplevingsen e helt sinnsyk!», sa han, for å forklare kvifor han driv og stupar ut frå fjelltoppar. Eg stussa litt. Freista å forestelle meg korleis det er å flyge som ein Batman ned ein fjellvegg. Tvillaust eit veldig inntrykk. Men var det naturen eg ville vore mest oppteken av når eg landa? Basehoppa-

rane er langt frå åleine. Såkalla ekstremsportarar viser ofte til den store naturopplevinga når dei skal forklare at det er så gildt å styrte ein kajakk inn i ein frø-dande foss, sleppe seg ned eit bratt fjellside på ski eller klatre ei vanskeleg rute i ein stor fjellvegg. Men er «naturopplevinga» eit råkande omgrep for suget etter å gjere utfordrande øvingar i naturen? Eller for å spørje noko meir retorisk: Om opplevinga av natur eller det å vere i naturen var det viktigaste, kvifor då gjere det så vanskeleg? Kunne ein ikkje då vore nøgd med ein fottur i fjellet, å setje seg på ein stubbe i skogen eller for den del køyrt kabriolet over Hardangervidda?

Eg set meg på sykkelen att.

Dei fyrste metrane går på eit vis. Men i bratta med den glatte rota psykar eg ut. Eg freistar til att. Nokre meter til. Farten aukar. Eg lét det stå til, tek sats, og på mirakuløst vis greier eg å halde det gåande. Med eitt veit eg kva det er! Eg har kjent dette før. Mange gonger. Det er same kjensla som når eg strevar med ei vanskeleg rute i fjellet. Eller når eg satsar på å halde meg flytande gjennom svære bølger i ein kajakk. Eller når eg slepper meg ned eit bratt heng på ski. Når blodet brusar gjennom hovudet, og du kjenner deg sterk og stolt. Den kjensla kjem ikkje frå dei storslegne naturomgjevnadene, men rett og slett frå gleda du kjenner av å ha meistra noko du knapt trudde var mogleg.

Kraftig fråspark

GAMALT TURUTSTYR

Eg veit ikkje kor høveleg denne oppfinninga viste seg å vere, men ideen er tvillaust tiltalende. Ski-propellen vart utvikla av det russiske Mari Polytechnical Institute i 1969 og skulle nyttast av infanteristar. Skremmande nok, når fienden susar over snødekt mark i 30 kilometer i timen. Motoren er ein fire hestekrefters totaktsmotor, og heile oppakkinga veg 11 kilo og gjev ei skuvekraft på opp til 16 kilo.



Explorers Grand Slam

REKORDEN

Nokre rekordar er meir tidkrevjande enn andre. Skal du ta ein såkalla «Explorers Grand Slam», må du kome deg til toppen av det høgaste fjellet på alle sju verdskontinenta, i tillegg til at du må gå på ski til Nord- og Sørpolen. Den fyrste som kunne smykke seg med denne nemninga, var den britiske eventyraren David Hempleman-Adams i 1988. Cecilie Skog vart i 2006 den første kvinna i verda og den første norske eventyraren som slutførde denne uvanlege kraftprøva. Men slike rekordkategoriar er ikkje statiske. Til dømes vart sørkorea-

naren Park Young Seok i 2005 ferdig med det som har fått nemninga «True Adventure Grand Slam». Då hadde han vore på toppen av alle fjorten fjell i verda som strekkjer seg over 8000 meter – i tillegg til å ha gått til Nord- og Sørpolen. Det finst også enklare variantar, som berre «Grand Slam». Det vil seie det høgaste fjellet på kvart kontinent, men på skiturane til polane går du berre den siste breiddegraden, det vil seie dei siste elleve mila inn til målet. Walisaren Richard Parks sette i 2011 fartsrekord på denne varianten, då han vart den fyrste til å gjennomføre alt i eitt og same kalenderår.

Film deg sjølv

NYTT TURUTSTYR

Nivået på amatørvideoar frå turlivet er høgt for tida. Og eg blir stadig imponert over den kreative bruken av såkalla actionkamera, som blir feste på hjelmen, skistavar, surfebrett, sykkelstyret, mastetoppar – og eg veit ikkje kor. No kan du òg få ein teknisk dippeupp som gjer at du aldri forsvinn ut av kameraalinsa. Soloshot er eit heilautomatisk roterande kamerastativhovud som du fester til videoapparatet eller iPhone din. På deg sjølv fester du ei brikke som er vass- og støytsikker. Dette to einingane preikar saman slik at kameraet alltid følgjer deg. Dette er høveleg for surfararar, skikøyrarar, drageflygarar, syklistar eller andre som vil feste stunta sine for æva – og ikkje har ein tolmodig kameramann til rådvelde. Du kan sjølv sagt òg bruke han på poden om du vil feste kvart eit spark han tek på fotballbanen. Soloshot har ei rekkjevidd på 600 meter, han roterer 360 grader og flytter seg 40 grader i sekundet. Noko som mellom anna tyder at du kan følgje ein motorsyklist som susar forbi i 250 kilometer i timen. Batterilevetida er fem timar. Eit komplett sett har ein ordinær utsalspris på ca. 3500 kroner, men eg har sett at fleire norske nettstader sel han for kampanjepris på under 2000 kroner.



Cecilie Skog framme på Nordpolen i 2006, på ein tur som tok 48 dagar og 22 timar frå Ellesmere Island i Canada.

Brit Hofseth 1917–1941

BIOGRAFIEN

Ho var berre 24 år då ho døydde på feltarbeid på Senja. Men ho rakk å setje djupe spor etter seg i eit mannsdominert naturforskningsmiljø. Brit Hofseth vart fødd i Finnmark i 1917. Her budde ho til familien flytte til hovudstaden fem år seinare. Ho viste tidleg interesse for å vere ute. Medan ho gjekk på gymnas, sykla ho det eine året aleine frå Trondheim til Mosjøen, eit anna drog ho til Finnmark og fekk sumarjobb med å stikke veg. Heile sumaren sov ho i telt.

På universitetet studerte ho geologi, trass i åtvaringar om at dette var eit dristig levebrød og strevsamt arbeid for ei kvinne. I 1937 reiste ho til Svalbard, der den mektige naturen i polarområdet gjorde eit stor inntrykk. To år seinare fekk ho plass på ein ekspedisjon som skulle til Grønland med fangstskuta «Polarbjørn». Om bord var namngjetne polarkarar som den svenske glasiologen Hans W:son Ahlmann og isbjørnkongen Henry Rudi. Her var òg forfatter Nils Johan Rud. Same år som Brit Hofseth døydde, i 1941, gav Rud ut romanen *Drivende kyster*. Folka frå «Polarbjørn» er godt attkjennelege. Det var difor mange som reagerte sterkt på at den kvinnelege forskaren om bord, Norunn, vart framstilt som ei femme fatale, og det vart påstått at forfatteren hadde gjort det som ein erotisk hemn mot Brit Hofseth.



Brit Hofseth og Ebbe Arneberg handterer tåkeluren på «Polarbjørn» under ekspedisjonen til Aust-Grønland i 1939. Foto: Norsk Polarinstitutt.

Brit Hofseth døydde av sjukdom under eit oppdrag for Norges Geologiske Undersøkelser. Ho vart omtala som ein lysande geolog av dei mannlege kollegaene sine, eit overskotsmenneske, tillitsfull, eit stort natur-

barn, som las Fridtjof Nansens *Eventyrlyst* på sin siste tur. I nekrologen heiter det: «Hennes rike livsutfoldelse vil stå for oss som noget stort og godt naturen lånte oss en kort stund.»



SITATET

«Seier venter den, som har alt i orden – held kalder man det. Nederlag er en absolutt følge for den, som har forsømt at ta de nødvendige forholdsregler i tide – uheld kaldes det.»

Roald Amundsen

Sjølvpålagde lidningar i grisgrendte strok

Siste helga i jakta tok eg soveposen og primusen, børsa og kikkerten og la meg på ein fjelltopp. Eg venta meg ein morgon med utsyn over alle reinsdyra mellom Snøhetta og Lesja. Neste morgon låg skodda opp til fotenden av soveposen. Over meg var det blå himmel. Men under var det altså tett tåke.

Men før det hadde det vore natt. Ho var beksvart, blikkstill og krystallklar. Teltduken var ein himmel med så mange stjerner at ingen ville tru meg om eg fortalde det. Ikkje eingong om eg delte på to og sa halvparten. Magisk kunne eg ha kalla det. Men det er berre eit ord.

Eg får ikkje dyr i år. Eg betalte 4200 kroner for ein bukk, og han går framleis på fjellet. Men det var verdt det.

4200 kroner delt på alle stjernene den natta, det er vanvitig mykje for pengane.

STEIN P. AASHEIM



Soloppgang frå soveposen. Foto: Stein P. Aasheim